

Møtereferat

Dato:01/02-2018

Emne:	Referat frå møte 7 i kunstkomiteen for Bybanen, BT4.	
Til stades:	Sølvi Marie Myrseth (SMM), Annike Gullestad (AG) , Elisabeth Vaule (EV), Petra Rahm (PR), Ronny Skaar (RS), Tone Stedal Haugland (TSH), Hilde Skjeggestad (HS).	
Forfall:	Ingrid Haukeland (IH), Stein Dvergsnes (SD).	Sak:
Møtetid:	Torsdag 01. februar kl. 12.30-15.00	Møtestad: HFK, møterom 726.

Møteleiar: Hilde Skjeggestad

Referent: Tone Stedal Haugland, Hilde Skjeggestad

Sak	Emne	Vedtak	Ansvar / frist
1.	<i>Referat frå førra møte.</i>	Referat blei godkjend utan merknader.	
2.	<i>Orienterings saker</i>	<p>a. Status BU si kuttliste Torg og kollektivterminal i Fyllingsdalen vert kutta. Kunstprosjektet som var planlagt i Fyllingsdalen vert difor flytta til Kristianborg, i tråd med vedtak i førra møte.</p> <p>b. Status prosjekteringsarbeid Ingen spesielle forhold.</p> <p>c. Status kunstprosjekt Kristianborg Jan Freuchen er informert om kuttet i Fyllingsdalen og er beden om å bli med over til eit kunstprosjekt på Kristianborg, på om lag samme vilkår. Det har han sagt seg interessert i. Han kjem til Bergen på synfaring 12. februar. Det blir då lagt opp til reise med Bybanen frå Flesland, møte hos HFK med dialog om prosjektet, møte med prosjekteringsleiinga på BU for info om prosessen vidare, og til slutt synfaring på Kristianborg. Ønska leveringsdataar for forprosjektet vil bli drøfta nærmare då. Budsjettramme for forprosjektet er kr 150 000, inkl. honorar og reisekostnader for kunstnar.</p>	
3.	<i>Kunstplan.</i>	<p>a. Overordna plan. Mål og strategi. Kunstplanen var sendt ut med innkallinga. «Byvekstavtalen» har skifta namn til «Bymiljøavtalen». Utover det var det et var ingen merknader til innhaldet. Etter språkvask og oppsett, vert den sendt til HFK og BU til kvalitetssikring, i tråd med avtalt prosedyre.</p> <p>b. Delplan Kristianborg. Delplan for Kristianborg er under arbeid. Det blir laga ein førebels versjon no, som so reviderast når forprosjektet til kunstnar er avslutta.</p>	

4.	<i>Haukeland. Idémyldring og drøfting.</i>	<p>Hilde viste ulike eksempel på kunstprosjekt, som grunnlag for ein open drøfting om vegen vidare for Haukeland. Dette var <i>ikkje</i> konkrete framlegg, men hjelpemiddel i tenkinga. Presentasjonen følgjer referatet som pdf.</p> <p>Det vart <i>ikkje</i> trekt nokon konklusjonar, men komiteen var samla om nokre tankar vidare: Kunsten kan gjerne vera ein kontrast til arkitekturen. Den kan heller vera forteljande og taktil, enn formal og stram. Den kan gjerne appellera til born og gje eit «løft» til dei reisande.</p> <p>Den store transportsjakta peiker seg førebels ut som det mest aktuelle rommet. Kunst hengande i pendel frå tak kan vera krevjande, både av omsyn til sikkerheit, vedlikehald, og budsjett, men er <i>ikkje</i> utelukka.</p> <p>Mange avgjersler er enno <i>ikkje</i> tatt i prosjekteringen. Ein bør ta sikte på å etablira snarleg dialog mellom kunstprosjektet og prosjekteringsleiinga / arkitektane for gjensidig støttande utvikling på Haukeland.</p>	HS / SM
5.	<i>Kunst i vognene? Tak, lydannonsering</i>	<p>Lydannonsering Til no har lyd-snuttar til bruk ved annonsering av haldeplassane vore initiert av Bybanen AS. Dersom kunstprosjektet ønsker å involvere dette i kunstprosjektet, må det vera i dialog med dei. Hilde har undersøkt kostnader til spesialkomponerte vignettar via Komponistforeningen. Komponert som ein vignett med 9 variablar, er <i>ikkje</i> kostnaden så stor. I tillegg kjem kostnad til innspeling / produksjon. Komiteen er positiv til å gå vidare med saka. Hilde undersøkjer med BBAS o.a.</p> <p>Kunst i tak i vognene Mange saknar «noko» i taka der det i dag ikkje er borneteikningar eller anna. Til no har dette vore tatt hand om av BBAS. Dei har vore i dialog med kunstkomiteen om dette. Kunstkomiteen er positiv til å arbeide for kunst til taka, men meiner ein bør finna finansiering utanfor kunstbudsjettet. Kostnader vil omfatta honorar til kunstnarar og produksjon og montering av folie i tak. 4-5 vognsett bør kunne ha same folie. Hilde arbeidar vidare med saka.</p>	HS HS
6.	<i>Budsjett.</i>		
7.	<i>Framdrift</i>	Pdf er vedlagt referatet. Planen vil bli revidert.	
8.	<i>Møteplan.</i>	Avtalast pr. epost.	
9.	<i>Ev.</i>	Det var ingen saker til Ev.	

Vedlegg:

1. Pdf av kunstpresentasjon vist i møtet.
2. Pdf av framdriftsplan